

## Rådmannen

Dykkar ref.                      Vår ref.                                      Saksh. – tlf.                                      Dato  
2009/310 - 24833/2009                      Nina Foldnes - 56326400                                      09.12.2009

### **Møtereferat - kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.12.09**

**Tilstades:** Bjørnar Fjellhaug, Birgitte Hjertås, Svein Arthur Pedersen, Mari Mikkelsborg, Gunnar Angeltveit, Morten Mortensen og Britt Nornås

#### **Sak 48/09 – Godkjenning av møtereferat og møteinnkalling**

Følgjande merknader: Britt Nornås deltok på møtet.  
Innspel til handlingsplan "Universell utforming".

#### **49/09 – Skriv og meldingar**

Det blei utgjeven økonomiplan 2010-2013 , og Handlingsprogram 2010-2013.

#### **50/09 – Budsjett**

Rådet gjekk igjennom Økonomi og Handlingsprogram for 2010-2013.

Det er ikkje bevilga pengar til Rådet. Rådet var ikkje fornøgd med budsjettet for dei postane som vedkjem omsorg og universell utforming.

#### **51/09 – Innspel til Handlingsplan.**

Rådet vil kome med innspel til økonomi planen og handlingsprogrammet.

1. Sekretæriatsfunksjonen til Rådet må styrkast. Viser til lova der det står at kommunen er ansvarleg for at dei administrative funksjonane til rådet blir tekne vare på. Rådet tykkjer det er viktig å ha ein person som er innad i kommunen som kan ta seg av det praktiske og organiseringa.
2. Omsorgsløn og løn til støttekontakt må aukast.
3. Eige budsjett for Rådet. Ein ser at tilsvarande råd og utval som t.d. eldrerådet og ungdomsrådet har eigne budsjettpostar. Viktig at vi har ein sum som dekkjar administrasjonskostnader.
4. Plan for universell utforming.

Vidare gjekk rådet gjennom handlingsplanen og hadde innspel til ansvarsområda til Rådmannen, omsorgssjefen og barnehagesjefen.

Det vert skrive eit eige notat som vert sendt til Rådmannen.

## **52/09 – Eventuelt.**

Svein Arthur Pedersen hadde vore på kurs i regi av SAFO i helga. Han orienterte frå innhaldet og kunne stadfeste at det hadde vore eit interessant kurs. Der var ei økt for folk i kommunale råd. Her fekk ein stadfesta at Rådet i Fjell nok fungerer godt samanlikna med andre råd. Han refererte også til ein representant som hadde ein del spenstige tankar rundt busetjing og inkludering av menneske med nedsett funksjonsevne i både by og bygd.

Sjekkliste for universell utforming. Svein Arthur hadde drive litt undersøkingar rundt dette og vil til neste møte ha med eit førsteutkast til sjekkliste.

Mari refererte til samhandlingsreforma og nemnde bl.a. litt om fysioterapihandlinga. Ho førebur eit innlegg til neste møte og vi tek saka opp att då.

Møtesekretæren svarte Mortensen på eit tidlegare stilt spørsmål om personleg assistent.

Handlingsplan for Rådet. Leiar gjorde framlegg om at ein på neste møte lagar ein handlingsplan for kva Rådet skal arbeide med det neste året etter at ein drøfta om ein også skulle sjå på anna enn kun kommunal verksemd. Dette slutta Rådet seg til.

Brukarstyrt/borgarstyrt assistent. Dette kjem vi attende til på eit seinare møte.

Med helsing

Bjørnar Fjellhaug (s)  
Leiar

Nina Foldnes  
Sekretær